



Arkivnr: 2014/17092-17

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		23.09.2015

Fylkestingsvalet 2015- kontroll av gjennomføring og valoppgjer

Samandrag

Etter valova skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet i kommunane i fylket, og basert på dei resultat som kjem fram, foreta valoppgjer med fordeling av representantplassar og kandidatkåring. Det er utarbeidd eit sentralt valsystem, EVA, frå Kommunal- og regionaldepartementet som vert nytta for kontroll og valoppgjer. Møteboka skal underskrivast av det samla fylkesvalstyret og leggjast til grunn for det nyvalde fylkestinget si godkjenning av valet.

Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret har kontrollert gjennomføring av fylkestingsvalet 2015 i kommunane i Hordaland og føreteke valoppgjer for fylket slik det går fram av "Fylkestingsvalet 2015 - Møtebok for fylkesvalstyret".

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Janne Værnø
kommunikasjonsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Møtebok for fylkesvalstyret - fylkesvalstinget 2015

Fylkesrådmannen, 14.09.2015

Fylkesvalstyret skal kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet i kommunane med grunnlag i det materiellet som det får tilsendt, jfr. Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova) av 28.06.2002 nr. 57 § 10-9 (1). Vidare etter same lov § 11-10 (1) skal fylkesvalstyret foreta valoppgjer og kandidatkåring.

Kontroll

I følgje vallova § 10-9 skal fylkesvalstyret: «kontrollere gjennomføringen av stortingsval og fylkestingsval i kommunene med grunnlag i det materiell det får tilsendt etter § 10-8. Dersom fylkesvalgstyret finner feil ved valgstyrets avgjørelser om å godkjenne eller forkaste stemmegivninger eller stemmesedler, eller feil i valgstyrets oppstilling, skal feilene rettes.»

Fylkeskommunen har inngått eit samarbeid med Bergen kommune bl.a. når det gjeld oppstilling av røystesetlar. Det er utarbeidd eit sentralt valsystem, EVA, frå Kommunal- og regionaldepartementet som vert nytta for kontroll og valoppgjer. Røystesetlane vert talde maskinelt (skanna) og overført valsystemet EVA som ivaretak opplysningsane og registrer det som er naudsynt for å føreit eit valoppgjer. Systemet registrerer endringane på listene. Det vil seia at det vert registrert kor mange personrøyster den enkelte får og nummerrekkefølgja av kandidatane.

Etter vallova skal kommunane telja røystesetlane 2 gonger, først ei grovteljing (som i større kommunar skjer hos stemmestyra) og ei finteljing (endelig teljing), deretter skal fylkesvalstyret kontrolltelja fylkestingsvalet frå alle kommunane.

Kommunelova § 10-4 opnar for at det kan opprettast arbeidsutval som kan få tildelt avgjerdsmynne.

Regelen lyder:

"Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet."

Arbeidsutval som nemnd over har fått fullmakt til å førebu kontrollen med gjennomføringa av fylkestingsvalet, og å ta stilling til enkeltsaker og spørsmål som kjem opp i samband med kontrollen.

Valoppgjer

Når kontrollen er ferdig utført og eventuelle rettingar er tekne med, skal fylkesvalstyret foreta valoppgjer med fordeling av representantplassar og kåring av kandidatar.

Vallova § 11-10 inneholder reglar om valoppgjer ved fylkestingsval. Fordelinga av representantplassane skjer på grunnlag av St. Laguës modifiserte metode etter vallova § 11-4. Røystetala for vallistene frå alle kommunane i fylket blir summerte, og deretter dividerte med 1,4 – 3 – 5 – 7 – 9 osv. Representantplassane blir heile vegen fordelte til vallistene på grunnlag av dei framkomne kvotentane. Har to lister same kvotent, går representantplassen til den lista som har det største røystetalet. Har dei same røystetal, blir plassen fordelt ved loddtrekning. Har ei liste fått fleire representantplassar enn ho har valføre kandidatar, blir dei overskytande representantplassane fordelte på dei andre listene ut frå reglane framanfor.

Kåringa av kandidatar skjer på grunnlag av reglane i vallova § 11-10 andre ledd. Veljarane kan gi ein eller fleire kandidatar på lista personrøyster ved å setja eit merke ved namnet til kandidaten, jf. lova § 7-2 andre ledd. I lova er det slått fast ei grense som tilsvarer minst 8 % av røystetalet for lista, som vilkår for at rettingane frå veljarane skal få innverknad på kandidatkåringa. Fylkesvalstyret må difor gjennomføra ein kontroll av endringane som veljarane har gjort på røystesetlane. Dei kandidatane som har fått personrøyster på minst 8 % av dei godkjende røystesetlane, skal kårast først. Dersom fleire kandidatar kjem over sperregrensa, er talet på personrøyster avgjerande. Andre kandidatar blir kåra etter rekjkjefølgje på lista.

Kandidatar som ikkje kan veljast, ser ein bort frå. Kvar liste skal så langt det er mogleg, få tildelt eit tal vararepresentantar som tilsvarer representantar valde på lista + 3.

Møtebok for fylkesvalstyret skal underskrivast av eit samla fylkesvalstyre. Til møtet 23.09.15 vil det liggja føre utkast til møtebok basert på resultata av kontrollen som er gjennomført.

Endeleg godkjenning av fylkestingsvalet gjer det nyvalde fylkestinget i det konstituerande møtet etter innstilling frå fylkesvalstyret, jfr. vallova § 13-4.